



Tomta etter det gamle trelastlageret har lege byggjeklar lenge. Kanskje skjer det noko snart? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Mykje tyder på at Eikelandet-prosjektet er i ferd med å koma eit steg vidare. No har arkitekt Ove Grung i Bergen bede kommunen om ferdigattest for rivinga av det gamle trelastlageret.

Det er lenge sidan rivinga skjedde, faktisk i fjor sommar, og Grung beklagar at anmodninga hans kjem seint.

Han opplyser samstundes at han (Grung arkitekter AS) er engasjert til å halda fram med arkitekt-prosjektering for dei nye eigarane. Dei er Sagvåg Invest på Stord - ved Kjell Lyder Risnes. Han har nyleg har fått oversendt eit justert prosjekt som i hovudsak er lik det gamle.

Av praktiske omsyn vil Ove Grung fråtre som ansvarleg søkjar for vidare prosjektering samt prosjektering for bygningar og installasjonar, men firmaet vil framleis vera arkitekt-prosjekterande. Formelt brev om dette vil bli sendt inn som snart som mogeleg når prosjekteringsgruppa er klårlagt, opplyser han til kommunen.

Av Ola Matti Mathisen